



Nærøfjorden  
verneområdestyre

## Møteinnkalling

---

**Utval:** Nærøfjorden verneområdestyre  
**Møtestad:** Flåm, Fretheim Hotell  
**Dato:** 06.12.2022  
**Tidspunkt:** 08:30

---

Eventuelt forfall må meldes snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

I starten av møtet presenterer dagleg leira for Ekstremsportveko på Voss planane dei har for aktivitet i Nærøydalen.

SNO presenterer årsrapporten for 2022. Rapporten er grunnlag for tinging av SNO-ressursar i 2023.



## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 30/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 31/22	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 32/22	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
RS 36/22	Gjerde mellom Sivletunnelen og Stalheimstunnelen - Nærøyfjorden landskapsvernområde		2022/6412
RS 37/22	SV: Ref14089 [Norway] World Heritage property 'West Norwegian Fjords – Geirangerfjord and Nærøyfjord'		2021/16652
RS 38/22	Nærøyfjorden verneområdestyre - tiltaksmidler til skjøtselstiltak med beite i Stalheimskleiva - omdisponering til utviklingsprosjekt for Stalheimskleiva		2020/17395
RS 39/22	Nærøyfjorden landskapsvernområde - naudsynt lufttransport i samband med berging av sau - område Stangahøgdi og Skjerpisdalen		2021/16652
RS 40/22	Nærøyfjorden landskapsvernområde - naudsynt lufttransportet i samband med leiting etter sau - området rundt Rimstigbotnen		2021/16652
RS 41/22	Notat - synfaring massedeponi på Bakkavegen - 121022		2021/2141
RS 42/22	Delegert vedtak - Dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter Undredal til Vassete - uttransport av felt hjortevil		2021/11448
RS 43/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Bleia naturreservat - belegg av lav og sopp på ospetre		2022/13548
RS 44/22	Førehandsvarsel - retting av tiltak med bygging av reiskapsbu på stølen Ljosdalen		2022/11835
RS 45/22	Invitasjon til dialogmøte mellom rådgjevande utval og Nærøyfjorden verneområdestyre 05.12.2022		2020/15036
ST 33/22	Nærøyfjorden landskapsvernområde - retting av tiltaket reiskapsbu - stølen Ljosdalen		2022/11835
ST 34/22	Nærøyfjorden verneområdestyre - tiltaksplan og bestilling av SNO-ressurser 2023		2022/16081
ST 35/22	Nærøyfjorden verneområdestyre - drift av styret 2023		2022/16083

**ST 30/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden**  
**ST 31/22 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**  
**ST 32/22 Orienterings- drøftings- og referatsaker**  
**RS 36/22 Gjerde mellom Sivletunnelen og Stalheimstunnelen - Nærøyfjorden landskapsvernområde**  
**RS 37/22 SV: Ref14089 [Norway] World Heritage property 'West Norwegian Fjords – Geirangerfjord and Nærøyfjord'**  
**RS 38/22 Nærøyfjorden verneområdestyre - tiltaksmidler til skjøtselstiltak med beite i Stalheimskleiva - omdisponering til utviklingsprosjekt for Stalheimskleiva**  
**RS 39/22 Nærøyfjorden landskapsvernområde - naudsynt lufttransport i samband med berging av sau - område Stangahøgdi og Skjerpisdalen**  
**RS 40/22 Nærøyfjorden landskapsvernområde - naudsynt lufttransportet i samband med leiting etter sau - området rundt Rimstigbotnen**  
**RS 41/22 Notat - synfaring massedeponi på Bakkavegen - 121022**  
**RS 42/22 Delegert vedtak - Dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter Undredal til Vassete - uttransport av felt hjortevil**  
**RS 43/22 Dispensasjon - delegert vedtak - Bleia naturreservat - belegg av lav og sopp på ospetre**  
**RS 44/22 Førehandsvarsel - retting av tiltak med bygging av reiskapsbu på stølen Ljosdalen**  
**RS 45/22 Invitasjon til dialogmøte mellom rådgjevande utval og Nærøyfjorden verneområdestyre 05.12.2022**



Arkivsaksnr: 2022/11835-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 24.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområde	33/22	06.12.2022

## Nærøyfjorden landskapsvernområde - retting av tiltaket reiskapsbu - stølen Ljosdalen

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområde styre pålegg tiltakshavar å fjerna eine uthuset på stølen i Ljosdalen, tilhøyrande Siver Wangen gnr. 49 bnr. 1. Bygget skal fjernast innan 31. juli 2023. Vedtaket er gjort med heimel i naturmangfaldlova § 69 fyrste ledd. Retting av tiltaket inneber fylgjande:

- Bygget som skal fjernast er det som merkt som utedo på kartet, kartreferanse UTM zone 34N-N:6747748, Ø:395655. Det er gitt løyve til at utedoen kan stå ved sankebua der det er sett opp reiskapsbu. Det vil sei at bygget som er sett opp som reiskapsbu kan endrast til utedo.
- Alt materiale frå bygget skal fjernast frå området.
- Arealet der bygget er sett opp skal tilbakeførast til den tilstand det var før bygget vart sett opp.
- Det skal sendast rapport til verneområdestyret straks rettinga er gjennomført, og innan 30.08.2023. I rapporten skal det det leggjast med bilde som dokumenterer at arbeidet er utført. Det kan verta aktuelt med etterkontroll.
- Dersom fristen for retting ikkje vert overhalde, vil verneområdestyret vurdere tvangsmulkt jf. naturmangfaldlova § 73 fyrste ledd.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Førehandsvarsel – retting av tiltak med bygging av reiskapsbu på stølen Ljosdalen, *Nærøyfjorden verneområdestyre 24.10.2022*
- Vedtak – avslag – Nærøyfjorden landskapsvernområde – Ljosdalen - reiskapsbu Saksprotokoll 29/22 – 11.10.2022, *Nærøyfjorden verneområdestyre*
- Søknad om etablering av utedo og reiskapsbu i Ljosdalen, *Siver Wangen, gnr. 49 bnr. 1, 26.09.2022*




## Nærøfjorden verneområdestyre

Nærøfjorden verneområdestyre gav avslag på søknad frå Siver Wangen om bygging av reiskapsbu på stølen i Ljosdalen. Reiskapsbua var oppført før det var søkt om løyve til tiltaket. Nærøfjorden verneområdestyre har gitt løyve til oppføring av utedo ved sankebu. Utedoen skal plasserast på arealet der reiskapsbua er sett opp. Det vil sei at det er gitt avslag til å ha bygget som er sett opp som utedoen ståande, og bygget som er sett opp som reiskapsbua kan nyttast til utedo.

Nærøfjorden verneområdestyre har sendt førehandsvarsling om retting av tiltaket til tiltakshavar. Det vart sett ein frist til 14. november med å koma med tilbakemelding på varselet. Det er ikkje kome tilbakemelding frå tiltakshavar innan fristen.


Situasjonskartet under viser plassering av bygningane.



Situasjonsplan vedlagt søknad




## Nærøfjorden verneområdestyre



Oversiktskart med gardane Brekke og Ljosdalen



Oversiktsbilde over stølen i Ljosdalen. Foto Kristoffer Ullern Hansen



Planteikning for sankebu. Vedlegg til søknad om bygging av sankebu, 2017.

## Lovgrunnlaget

### Verneforskrifta

Føremålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2:  
«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter». Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode, og det kan ikkje førast opp nye bygningar jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1 a). Forvaltningsstyresmakta kan vurdera dispensasjon til oppføring av nye bygg i samband med landbruk, turlagsverksemd eller oppsyn jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 b). Er det søknad om andre bygg, må det vurderast om det er heimel i naturmangfaldlova § 48 for å gje dispensasjon til tiltaket.

### Naturmangfaldlova (nml.)kapittel IX. Håndheving og sanksjonar

Myndigheten eller loven kan pålegge den ansvarlige å rette eller stanse forhold som er i strid med loven eller vedtak med hjemmel i loven, jf. nml. § 69 fyrste ledd. Bygging utan løyve er brot på verneforskrifta jf. rettleiaren frå Miljødirektoratet for *Oppfølging av ulovlige forhold i verneområdet – M-617/2016*. «For å sikre at bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven blir gjennomført, kan myndigheten etter loven fatte vedtak om tvangsmulkt», jf. nml. § 73 fyrste ledd.





Nærøfjorden verneområdestyre har fått delegert mynde frå Miljødirektoratet til å pålegge retting og stans av ulovlege tiltak, og fatte vedtak om tvangsmulkt.

### Naturmangfaldlova §§ 8-12

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## **Vurdering**

I fylgje verneforskrifta § 3 punkt 1.1.a) er alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter forbode. Dette gjeld mellom anna: «...*oppføring og riving av bygningar, oppføring av anlegg og faste innretningar...*». Oppføring av bygningar i landskapsvernområdet utan løyve er dermed brot på verneforskrifta for Nærøfjorden landskapsvernområde. Forvaltningsstyresmakta kan ved brot på verneforskrifta krevje retting av tiltak (jf. naturmangfaldlova § 69) og tvangsmulkt (jf. naturmangfaldlova § 73). Kravet om å fjerna reiskapsbua vil innebera at bygget vert fjerna frå området, og terrenget der bygget står vert tilbakeført til den tilstanden det hadde før bygget vart sett opp.

I avslaget på søknaden om oppføring av reiskapsbu på stølen i Ljosdalen, har verneområdestyret vurdert verknaden på verneverdiane og miljørettsprinsippa nml. §§ 8-10. Det er lagt vekt på presedensverknaden ved oppføring av fleire små bygningar i stølslandskapet. Tiltaket vil ha presedensverknad for tilsvarande saker, og vil vera i strid med verneføremålet som blant anna er å ta vare på kulturlandskap der «...*stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter*» jf. verneforskrifta § 2. Den samla belastninga (jf. nml. § 10) med eventuelle nye bygningar i kulturlandskapet vil på sikt kunne ha vesentleg verknad på verneverdiane. Det er forvaltningspraksis å gje løyve til ekstra bygg for å dekke behovet for utedo dersom eksisterande bygg ikkje har rom til denne funksjonen.

Sankebua som det vart gitt løyve til å sette opp har ei grunnflate på 34 m<sup>2</sup>. Dette er eit stort bygg til å vera ei sankebu, og det bør difor vera plass nok i bygget til naudsynt utstyr i samband med tilsyn og sanking av beitedyr. Oppføring av nye bygningar er i utgangspunktet forbode, og det er berre opning for å gje løyve til nye bygningar som er naudsynt i landbruksdrifta. Styret har på bakgrunn av desse vurderingane avslått søknaden om reiskapsbu på stølen.

Det er murar etter 9 andre bygningar i stølsområdet. Det er ikkje att nokon av dei gamle bygningane på stølen, og den kulturhistoriske verdien på stølen er redusert, jf. uttale frå fylkeskommunen. Dei gamle murane etter stølshus har likevel ein kulturhistorisk verdi, og det bør difor ikkje setjast opp nye bygningar tett på dei gamle murane som ligg utanfor dei andre bygningane på stølen. Eine bygget er sett opp tett ved sankebua, og det andre bygget er sett opp tett ved dei gamle murane. Styret har vurdert at bygget som ligg utanfor eksisterande bygningsmiljø, og tett ved dei gamle stølsmurane, er til skade på kulturverdien og meiner bygget med det er ei ekstra belastning på verneverdiane på stølen. Styret har gitt løyve til at bygget som er sett opp tett ved sankebua kan bli ståande, og ha funksjon som utedo på stølen.



Verneområdestyret har gitt avslag på søknaden om reiskapsbu på stølen. Det er ikkje gitt løyve til bygningen som er sett opp nedanfor sankebua, tett ved dei gamle murane. Som oppfylging av avslaget om reiskapsbu i Ljosdalen, sende verneområdestyret førehandsvarsel til tiltakshavar om retting av tiltaket jf. forvaltningslova § 16. Tiltakshavar har ikkje gitt tilbakemeldingar på førehandsvarselet om riving av bygget. Det er ikkje kome ny informasjon som gjev grunnlag for å endra på vurderingane om retting av tiltaket.

Forvaltar rår til at det vert pålagt retting av tiltaket, og at bygget som er sett nedanfor sankebua ved ein gamal mur, bør rivast. Fristen for riving bør settast slik at tiltakshavar har moglegheit for å rive bygget og tilbakeføre området til den tilstanden det hadde før bygget vart sett opp. Det vert difor rådd til frist for riving innan 31.07.2023.

### **Konklusjon**

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova, rår forvaltar til at tiltakshavar må rive bygget som er sett opp som utedo nedanfor sankebua.

Verneområdestyret har gitt løyve til at bygget ved sida av sankebua kan nyttast som utedo.



Arkivsaksnr: 2022/16081-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 29.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	34/22	06.12.2022

## Nærøyfjorden verneområdestyre - tiltaksplan og bestilling av SNO-ressurser 2023

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre vedtek tiltaksplan og bestilling av SNO-ressursar for 2023. Forvaltar kan i samråd med styreleiar justera budsjettet før det blir sendt til Miljødirektoratet innan fristen 10. januar 2023.

TILTAKSPLAN FOR NÆRØYFJORDEN 2023		
Kort omtale av tiltak	Budsjett	Prioritering
<b>Skjøtsel av kulturlandskap</b>		
Styvi-Holmo	290 000	
Stigen	100 000	
Stalheimskleiva, utviklingsprosjekt	50 000	
Øvste Stigen	8 600	
Stokko	50 000	
Fronnes, slå bregner	7 000	
Skogane	15 000	
Hjølmo	5 000	
Jeiskali og sti	20 000	
<b>Skjøtsel og tilrettelegging av stølsvegar og stiar</b>		
Sti Dyrdal - Salthella - Skogane	6 000	
Rimstigen	30 000	
Mur på sti til Stigen	50 000	
Slått og skogrydding postvegen Bleiklindi-Styvi	30 000	
Gamlevegen i Dyrdal	5 000	



**Nærøfjorden  
verneområdestyre**

Grøfter gamle Bakkavegen	15 000	
Stiar Fresvik	10 000	
Mur sti til Frondalen	30 000	
Geologisk undersøking og planlegge tilrettelegging av sti til Odneshossen	10 000	
Restaurering av postvegen	900 000	
Gamlevegen i Undredal	100 000	
<b>Tilrettelegging og informasjonstiltak</b>		
Bålplassar ved fjorden, skiltplater	30 000	
Utedoprojekt	50 000	
Vedlikehald og drift av toalett ved fjorden, og vedlikehald stiar	60 000	
<b>Sum</b>	<b>1 871 600</b>	

### Bestilling personalressursar SNO 2023

#### Tilrettelegging

- Mur i Galden på stien til Hovdungo
- Rasteplassar ved fjorden, permanente bålplassar
- Sette opp mindre temaskilt på ilandstigingsplassane ved fjorden
- Ferdselsteljar Odneshossen
- Pilotprosjekt, utedo
- Tilsyn med stiar, Rimstigen – Dyrdal, og rundtur om Skogane
- Vidareføra merking av sti Vassete, Breiskrednosi, Rimstigen, Bakka

#### Skjøtsel

- Oppfylging skjøtsels
- Styrt beiting, gjerde mellom Sivletunellen og Stalheimstunellen
- Fjerna rynkerose på Fronnes og indre Frønningen
- Fjerna gran mot Sivlesfossen
- Gamlevegen i Undredal

#### Bevaringsmål

- Overvake og fjerne gran og platanlønn i Nærøydalen og Stalheim

#### Tilsyn og kontroll

- Fylgje opp dispensasjonssaker
- Fartskontroll i Nærøfjorden
- Kontrollera erosjonskadar på strandlinja, Stokko, Bakka - Dyrdal



Tilsyn med rasteplassar langs fjorden
Byta ut gamle verneskilt
Sjå etter kulturminne ved smelting av Syrdalsbreen og Fresvikbreen
Overvake mispel i Flåm og Undredal
Kartlegge spreiring av gran i Nordheimsdalen
Registrera solcellepanel på bygningar i verneområda

## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyrer - innmelding av behov for midlar til tiltak i verneområder, naturrestaurering og SNO-ressurser i verneområdet – 2023. *Miljødirektoratet 02.11.2023*
- Strategi for bruk av tiltaksmidlar 2020-2025, *Miljødirektoratet*
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøfjorden. Rapport nr. 1-2008

I statsbudsjettet er det sett av tiltaksmidlar til forvaltning av verneområde. Det overordna målet for bruk av tiltaksmidlane er at naturtilstanden i verneområda vert oppretthalde og betra. I strategien for 2020-2025 vert det prioritert tiltak i verneområde der verneverdiane er trua. Klimaendringane er venta å føra til auka stress for mange artar og naturtypar i verneområde, og kan gje endringar i samansetning av artar. Dei største negative påverknadsfaktorane på verneområde på nasjonalt nivå er attgroing, framande artar, forstyrringar av dyrelivet, tekniske inngrep og slitasje på vegetasjon. Tiltaksmidlar som er med å motverka negative påverknadsfaktorar vert prioritert.

Tiltaksmidlane kan nyttast til å restaurera forringa natur i våtmark, skog, fjell og kulturlandskap og ope lågland. Vi er inne i FN's tiår for naturrestaurering (2021-2030). Restaurering av natur er naudsynt for å stoppe tapet av naturmangfald og under det verknaden av klimaendringane. I Stølsheimen vil restaurering av stølsområde vera tiltak for å ta vare på naturmangfaldet.

Tiltaksmidlane kan nyttast til naudsynte tiltak for å ta vare på verneverdiane, inkludert utgreiningar som er naudsynte før tiltak, informasjonstiltak og skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Tilretteleggingstiltaka omfattar opparbeiding av stiar, klopping og merking for å betre tilgjenge til verneområda og samstundes styre ferdsla i og rundt sårbar natur i verneområda. Midlar kan også brukast til delfinansiering av større tilretteleggingstiltak som informasjonspunkt, toalettbygg og parkeringsplassar i tilknytning til verneområde. For 2023 kan det i tillegg meldast inn ynskje om tiltaksmidlar til drift og vedlikehald av infrastruktur (vegar, toalett, parkeringsplassar og liknande).

Alle innmeldte tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltnings- eller skjøtselsplan,



besøksstrategi eller andre relevante styringsdokument. Alle informasjonstiltak skal vere i samsvar med ny merkevare for Noregs nasjonalparker.

Midlane skal nyttast til tiltak i forvaltningsmynde sin eigen regi, ev til kjøp av tenester for gjennomføring av tiltaka. Midlane kan ikkje nyttast som tilskot til andre aktørar. Tiltaksmidlar blir vanlegvis ikkje prioritert til ivaretaking av kulturminne. Vedlikehald av bygningar blir ikkje støtta, men steingjerde, gravrøyser og fangstsystem kan vurderast samfinansiert med kulturminnemyndigheita.

Miljødirektoratet har sett opp fylgjande prioriteringar ved bruk av tiltaksmidlar:

- 1. Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet. Ramsar-områder og truede naturtyper prioriteres høyest blant disse tiltakene*
- 2. Løpende skjøtselstiltak*
- 3. Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging*
- 4. Bruk av merkevaren Norges nasjonalparker i verneområder med høyt besøkstrykk*
- 5. Bruk av merkevaren i øvrige verneområder*
- 6. Besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)*

Forvaltar legg fram forslag til tiltaksplan for 2023 på bakgrunn av forvaltningsplan for Nærøfjordområdet, besøksstrategien for Nærøfjorden og kommunikasjonsplanen for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøfjorden. Tiltaka er i tillegg vurdert på bakgrunn av evalueringssmøte med SNO av gjennomførte tiltak i 2022, og framlegg til nye tiltak frå grunneigarar og andre. Styret må gå gjennom innspela og prioritera tiltaka, i tråd med føringane frå Miljødirektoratet.

SNO sine oppgåver og aktivitetar i verneområda skal samordnast med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda for å få ein effektiv bruk av dei samla ressursane til tiltak i verneområda. I planleggingsmøte med SNO skal styret drøfta ynskje om bistand/ressursbruk frå SNO til eventuelle prosjekt, kartlegging og tiltak, i tillegg til kjerneoppgåvene som mellom anna er oppsyn og overvaking av naturtilstand.

Frist for innmelding av tiltak og bestilling av SNO-ressursar til Miljødirektoratet er 10. januar 2023.

## **Vurdering**

I Nærøfjorden landskapsvernområde er mangel på skjøtsel av kulturlandskapet ein av dei største truslane mot verneverdiane. Oppfølging av område med skjøtelsplan har høg prioritert, og det er trong for årleg skjøtsel for å ta vare på verneverdiane. I tråd med føringane frå Miljødirektoratet foreslår forvaltar at skjøtsel av område der skjøtselstiltak allereie er igangsett blir prioritert høgt. I tillegg bør tiltak som direkte motverkar truslar som gjengroing prioriterast høgt, spesielt der trua naturtypar blir ramma. Trua naturtypar som er registrert i verneområda i Nærøfjordområdet er i hovudsak urterik slåttemark.

Forvaltar foreslår å fortsette å prioritere kulturlandskapa på Styvi – Holmo, Stigen – Stokko – Undredal, Nedbergo, Dyrdal, og Fronnes på omtrent same nivå som i 2022. Dette er i tråd med prioriteringane i forvaltningsplanen.

I Stalheimskleiva vil det i 2023 vere viktig å halda fram med skjøtelsarbeidet for å redusera oppslag av lauvskog etter hogst av granskogen, og utsiktsryddinga. Det viktigaste tiltaket vil



vera vidareføring av beiting med sau. Grunneigar i området har sagt seg interessert i å sleppe fleire beitedyr i området. Verneområdestyret bør sette av tiltaksmidlar til rydding av lauvoppslag i deler av området. Statens vegvesen har ansvar for vedlikehald av vegen og vegkantane. Det er starta opp eit utviklingsprosjekt for å sjå på nye opplevingstilbod i Stalheimskleiva etter vegen vart stengt for biltrafikk. Ein vandretur i Stalheimskleiva gjev ein flott oppleving av natur- og kulturlandskapet i Nærøydalen.

### **Skjøtsel og tilrettelegging av stølsvegar og stiar**

Forvaltar foreslår å fortsette dei avtalane vi hadde med grunneigarar og grendalag om skjøtsel av stiar og vegar i Dyrdal, på Bakka, i Fresvik, på Stigen og langs postvegen omtrent på same nivå som tidlegare. Dette er stiar som treng årleg vedlikehald.

Postvegen mellom Bleiklindi og Styvi har vore utsett for mange større og mindre ras den seinare tida, i tillegg til at enkelte murar byrjar å skli ut. I 2022 vart det laga ein tilstandsrapport for postvegen. Dette er eit stort restaureringsarbeid som må lysast ut, og arbeidet vil truleg ta fleire år. Det er sett opp ein høg sum i år for å koma i gang med restaureringsarbeidet. I tillegg er det stor slitasje på stien som tek av frå postvegen og går opp til Odnesfossen. Her er det bruk for ein geologisk kartlegging av grunnen som del av planlegginga av tiltaket.

I Undredal har eit parti av gamlevegen rast ut. Det er budsjettert at det vil koste om lag kr. 500 000 å fikse dette. Det kan vere aktuelt at verneområdestyret er med å finansiere delar av dette tiltaket. Grunneigarane kan også søke om kulturminnetilskot og tilskot frå verdsarvmidlar.

### **Tilrettelegging og informasjonstiltak**

Forvaltarane vil i 2023 fortsette å samarbeide med Nærøfjorden Verdsarvpark om tilrettelegging på innfallsportar med infrastruktur og refoliering og oppsett av nye skilt i verdsarvområdet. Dette inkluderer også skilting på utvalde ilandstigningsplassar langs fjorden, der det er behov for å informere dei besøkande om kor det er greitt å telte, tenne bål osv. og kva som ikkje er lov. Skiltarbeidet blir hovudsakleg finansiert gjennom eit prosjekt i Verdsarvparken, og infrastruktur er ofte større prosjekt der kommunen står for hovuddelen av finansieringa. Vi har budsjettert med tiltaksmidlar for å tilrettelegge betre ilandstigningsplassane, og utbetra utedoane på nokre av plassane. Dersom ny drift av desse utedoane fungerer godt, kan drifta utvidast til alle utedoane langs fjorden.

Buførestiar og turstiar i Nærøfjordområdet vert i stord grad nytta av turgåarar i tillegg til fastbuande. På stiane med størst ferdsel er det årleg vedlikehaldsbehov. Det er også behov for tilsyn av utedoane som er sett opp på ilandstigningsplassane langs fjorden. Forvaltar rår til at det vert lagt inn tiltaksmidlar til drift og vedlikehald av stiar i 2023.

### **Utrekning av summar til skjøtsel i tiltaksplanen**

Tiltaksmidlar til grunneigarar blir rekna ut i frå ein grunnsats på 300 kr for manuelt arbeid og 400 kr for maskinelt arbeid. For slått blir det rekna 800 kr (to timars arbeid) per dekar. Dersom slåttemarka er kartlagt som naturtype urterik slåttemark (A, B eller C verdi), reknar vi 1500 kr per dekar. Det er då krav om at området skal rakast etter at det er slått. For Styvi og Stigen, som er avhengig av omfattande båttransport av sau til beite, dekkar vi 50% av fraktkostnadane ved transport av sau og slåtteutstyr til Styvi/Stigen. Transport av sau mellom beite blir dekka med 300 kr/t.



### **Kartlegging og overvaking**

Det må gjennomførast kontroll av dispensasjonar som er gjeve av verneområdestyret til bygg og andre anlegg i verneområdet. Det vert bestilt SNO-ressursar til kontroll av dispensasjonar som er gjeldande, og ev nye dispensasjonar i 2023. I tillegg vert det bestilt SNO-ressursar til registrering av solcellepanel og andre installasjonar på bygningar i verneområdet.





Arkivsaksnr: 2022/16083-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 29.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	35/22	06.12.2022

## Nærøyfjorden verneområdestyre - drift av styret 2023

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre skal ha jamlege møte i 2023 for å handsame saker i verneområdestyret og fylgje opp tiltak i planlagt besøksstrategi og tiltaksplan.

Styret kan ta sikte på fylgjande årshjul:

Februar:	Styremøte
April:	Styremøte
Mai:	Styremøte
Juni:	Styremøte med overnatting/synfaring
September:	Styremøte og dialogmøte med rådgjevande utval
November:	Styremøte og planleggingsmøte med SNO

Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta, kan eit møte avlysast eller utsettast. Styre kan avgjera om nokon av møta kan gjennomførast som digitale møte.

Styret vedtek driftsbudsjett for 2023. Forvaltar kan i samråd med leiar gjera mindre endringar på budsjettet før det vert sendt til Miljødirektoratet innan fristen 10. januar 2023.

### Drift av Nærøyfjorden verneområdestyre 2023

	Budsjett
<b>Driftsutgifter for styre og utval</b>	
Møtegodtgjering	97 024
Reiseutgifter	20 000
Møteutgifter	60 000
Reiseutgifter for rådgivende utval	5 000
Møtekostnader rådgjevande utval	20 000
Drift av nettside - besøksforvaltning	10 000
<b>Sum drift</b>	<b>212 024</b>



<b>Utgifter i samband med planarbeid</b>	
Revidering av forvaltningsplan, annosering, møte/konferansar	40 000
Kartutvikling til revidering av forvaltningsplanen	50 000
Innsamling/utarbeiding av nødvendig faktagrunnlag til arbeidet med revidering av forvaltningsplanen	100 000
<b>Sum planarbeid</b>	<b>190 000</b>
<b>Bereknad driftskostnad</b>	<b>402 024</b>

## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Rammer og opplegg for Statsforvaltaren og verneområdestyrer – innmelding av behov for midlar til tiltak i verneområder og bestilling av SNO-ressurser – 2023, *Miljødirektoratet* 02.11.2022

I følgje vedtektene, bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer (punkt 7). I 2022 har verneområdestyret hatt 5 møte. 1 av desse møta er gjennomført som digitalt møte, 4 som fysisk møte, der eit av møte var 2-dagars med tur til Hausen i Lærdal. I tillegg er det gjennomført eit dialogmøte med rådgjevande utval for Nærøfjorden.

I brev frå Miljødirektoratet datert den 02.11.2023 vert det informert om at verneområdestyre kan melde inn behov for midlar til drift av verneområdestyre. Det vert vidare sagt at dersom det er midlar innanfor rammene, kan det gjevast midlar til naudsynt kartlegging som grunnlag for utarbeiding av skjøtelsesplanar, forvaltningsplanar og besøksstrategiar. Frist for søknad om midlar til dette føremålet er 10. januar 2023.

## Vurdering

### Møteplan

Forvaltar foreslår å legge opp til 5 styremøte i 2023, fordelt utover året ettersom når det pleier å vere viktige saker å handsame. Det kan koma ekstra møte i samband med revidering av forvaltningsplan. I juni foreslår vi eit to-dagarsmøte med synfaring. Dialogmøtet med rådgjevande utval foreslår vi å gjennomføre i september. Datoar for dei første møta bør fastsettast i denne saka.

### Planarbeid

Arbeidet med revidering av forvaltningsplanen for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøfjorden er godt i gang, men prosessen stoppa opp i 2022 på grunn av mangel på personalressursar. Styret må vurdere vidare prosess med forvaltningsplanen etter råd om forvaltning av verdsarvområdet. I sommar var det besøk i Nærøfjordområdet av IUCN (UNESCO sitt rådgjevande organ) i samband med ei fagleg synfaring som Klima- og miljødepartementet hadde bestilt. I november vart det lagt fram ein rapport etter denne turen.



Rapporten gjev råd om meir samordning av forvaltningsplanane i begge delområda i verdsarvområdet.

Uavhengig av planprosessen, vil vi trenge midlar til å samle inn kunnskap for område der kunnskapsgrunnlag er dårleg. Det kan mellom anna vera trong for betre kartlegging av rasmarkene under Nedbergo. Dette området er ein interessant insektsbiotop. I samband med prosessen med utgreiingsprogram for marint vern av Sognefjorden, vil det bli samla inn kunnskap om fjordsystemet. Det vil også vere nødvendig å få utarbeida ein del gode temakart til forvaltningsplanen. Det vil også vere aktuelt å arrangere fleire møte eller ein litt større konferanse i høve revideringa av planen.

### **Drift av styret**

I 2022 løyvde Miljødirektoratet 217 800 til drift av Nærøyfjorden verneområdestyre.

For 2023 foreslår vi å budsjettere med 212 024 til drift av styre og rådgjevande utval. Vi forventar at møtekostnadar blir på linje med 2022. Driftskostnadane er utrekna etter satsane for 2022 og vil oppjusterast til 2023-satser før vi sender inn til Miljødirektoratet.